



**SUND KOMMUNE**

Rådmannen

Det Kongelige Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

Sakshands.: GIS  
Direktetlf.: 56327558

Vår ref.: 2008003041-5  
Arkiv: N-510

Dykkar ref.:

Dato:04.09.2009

### **HØYRINGSSVAR - FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA.**

Høyringsutkastet vart sendt ut i sommarferien. Sund kommune har ikkje handsama dette utkastet som eiga politisk sak. I samråd med politisk leiing vil eg gje fylgjande uttale til forslaget til retningslinjer.

I Sund kommune har busetting og utbygging i utgangspunktet skjedd i strandsona då sjøen var grunnleggjande viktig både i høve til lokal næring og samferdsle. Sund kommune har hatt politikk for å i hovudsak fortetta i områda rundt dei opphavlege byggeområda. Slik sett har dei fleste byggeområda tilknytning til sjø.

Sund kommune har hatt ei streng haldning til bygging i strandsona utanom byggeområda. Som grunnlag for gjeldande kommuneplan, er det gjennomført ein analyse av den funksjonelle strandsona – og avgrensinga er kartfesta.

I tilknytning til byggeområda er det viktig for kommunen å få høve til å vidareutvikla ein arealbruk mot sjø. Særleg gjeld vidare tilrettelegging for vidare næringsutvikling og i høve til anlegg som sikrar innbyggjarane tilgang til sjøen med omsyn til båt - og friluftsliv.

I pkt. 4.3 i høyringsutkastet er det lagt til grunn at i dei opplista kommunane skal rikspolitiske retningslinjer for planlegging i kyst- og sjøområda fylgjast. Dette sjølv om det i teksten er peika på at presset på areala gjerne berre knyter seg til avgrensa område i kommunen.

Sund kommune meiner at rikspolitiske retningslinjer for planlegging i kyst- og sjøområda i Oslofjorden ikkje må gjerast gjeldande i vår kommune. Me meiner Sund må flyttast frå grupperinga i pkt. 4.3 til pkt. 5 – område med mindre press på areala.

Med venleg helsing

Gerhard Inge Storebø  
rådmann

Kopi: Sund kommunestyre